

Os kyrkje - førbuing til 150 års jubileum er starta.  
Les meir på side 2




### Konfirmantane

Konfirmantåret er starta opp. **Side 3**



### Gravferdsformer

Les meir om gravferdsformer. **Side 6**



### Tunet barnekor

Nytt barnekor startar i Os **Side 8**

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio  
www.picapoint.no

**FOTO FRAMSIDE:**

Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS

**OPPLAG:** 8.460 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
antu-bjo@bkkfiber.no

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10

**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post@os.kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



## Os Kyrkje 150 år

*Det har vore kyrkje på Os i mange hundre år. Kyrkja vi har i Os sentrum vart vigsla i september 1870 og i 2020 skal vi feire 150-årsjubileum.*

Kyrkja ligg sentralt på Osøyro og er eit tydeleg signalbygg i sentrumsområdet. Rundt kyrkja ligg Os kyrkjegard; ein stor gravplass med meir enn 2000 graver. Vi veit ikkje kor lenge det har vore gravplass her; truleg nesten like lenge som det har vore kyrkjebygg på området.

Kyrkjebygget har trong for vedlikehald og opprusting. I 2018 vert kyrkja pussa opp på utsida. Taket vert kontrollert og reparert der det er behov for det. Rotne bord og vindskeier vert bytta ut med nytt godt treverk, nye renner og avlaup vert monterte, vindauga kittast på ny og heile bygget får ny måling. Dette er første trinn i eit større vedlikehaldsprogram som skal gjennomførast fram til kyrkjejubileet i 2020.

Neste fase vert innvendig vedlikehald. Det er avgrensa kva vi kan gjere med varmeisolering av eit slikt bygg, men vi skal få til betre oppvarming. I dag går mykje av varmen ut gjennom vindauge og dårleg isolerte vegger. I større grad skal vi få eit oppvarmingssystem som gir meir varme i benkane, men kanskje mindre i lufta. Det skal gje betre varmekomfort når vi kjem til kyrkje også i vinterhalvåret. Kontroll og naudsynt oppgradering av det elektriske anlegget står og på tiltakslista.

Vidare skal kunst og teknisk utstyr elles få naudsynt vedlikehald.

Orgel vert det tredje tiltaksfokus. Orgelet i Os kyrkje er frå 1950-talet og har behov for anten større vedlikehald til fleire millionar eller bytast ut med nytt orgel. Soknerådet har sett ned ein orgelkomité som vil gje soknerådet råd om kva ein skal satse på; rehabilitering av det gamle orgelet eller kjøp av nytt. Dersom kjøp av nytt orgel vil vurderinga stå mellom eit tradisjonelt pipeorgel og eit digitalt orgel. Det skal soknerådet ha til vurdering alt no i haust.

Men kyrkja er meir enn eit bygg. Det er samlingsstaden for kyrkjelyden som skal feire gudsteneste. Det er staden bygdefolket samlast til fest som dåp, konfirmasjon og bryllaup. Og det er staden vi samlast når vi skal føre våre nære til den siste kvilestad. Men det er og stad og rom for å søkje stilla og bøn og ettertanke. Og kyrkja er for osingane! (Og sjølv sagt også for dei som vitjar Os). Både for dei som er sterke og trygge i trua, og for oss mange som stadig vekslar mellom tru og tvil.

**Gerhard A. Hansen**  
KYRKJEVERJE





# Avspark for 168 konfirmanter

Helga 18-19 august samla vi alle konfirmantane i Os kyrkjelyd til Kick Off-helg på Tunet.

Først var det samling på kyrkjeflaten der alle fekk møte si konfirmant gruppe og gruppeleiar. I år har vi 6 ulike grupper.

Etter litt oppvarming med leik bar det av gårde rundt Challenge løypa på kyrkjeflaten

og idrettsbana. Grappa skulle samarbeide om å løyse oppgåvene best mogeleg. Utdfordringen var mange og varierte og krevde, styrke, tanke, fokus og godt samarbeid. Det smakte godt med hot dog og saft etter innsatsen!

No var det tid for ein Bibel Kick Off inne i Tunet. Gruppene vandra frå rom til rom og fekk med seg små glimt frå innhald i bibel og gudsteneste på dei ni ulike postane.

Søndag var det samling til gudsteneste for alle konfirmantar og heile kyrkjelyden

Ta godt imot desse flotte ungdomane når du møter dei på gudstenester og andre samlingar.

**La dei få kjenne at dei høyrer til i Os kyrkjelyd og TAKK TIL DE 30 FRIVILLIGE som bistod til gjennomføringa.**

## Årets Konfirmantgrupper og leiarar

**Join Us:** 11 konfirmantar. Leiar: Inger Johanne Haugland.

**KRIK eXplore:** 36 konfirmantar (to grupper). Leiarar: Gro Helen Skjælaaen og Roar Hallesby Evjedal.

**Konf Camp:** 68 konfirmantar. Leiar: Lars Joar Hilleren.

**samanFORandre:** 12 konfirmantar. Leiar: Ingrid Vik.

**Etter Skuletid:** 20 konfirmantar. Leiar: Hildur Løkken Lillestøl.

**NETTprat:** 7 konfirmantar- Leiar Knut Ivar Askeland.

**B-gruppa** 13 konfirmantar. Leiar: Hildur Løkken Lillestøl.

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kwart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.



# Dette skjer i haust på ungdomsfronten

- **MILK kurs**
- **LAN**
- **Gospelnight**
- **Ungdomsmøte**
- **Ung lysmesse**

## MiniLeiarKurs (MILK)

Har oppstart den 6. september. Dette er eit kurs som ynskjer og invitere inn i ungdomane våre og bygge leiarar. Kurset består av 5 samlingar samt ein weekend. Kurset kjem til og vert arrangert på torsdagar etter skuletid.

Tema som kurset kjem til og ta føre seg er: Eg, eg og Gud, Eg og dei andre, Styrearbeid

og organisering, Leiarene og organisasjonen, Leiarene trykk med andre.

På weekenden vil dette være tema: Eg og kyrkjelyden, Gudstenesta.

I tillegg til dette vil du og få tildelt praksisoppgåver undervegs i kurset.

**Om dette høyrst interessant ut, eller om du har spørsmål knyta til dette, ta kontakt med kyrkjekontoret for meir informasjon.**

venner, ete pizza og liknande digg, samt kunne få samtale om livet.

Ein fredag i månaden være eit større opplegg i form av eit event / happening. Slik som ungdomsmøte den 21. september, samt gospelnigh den 26. oktober.

## LAN

I november er det tid for LAN. Dato for dette er 9-10. november. Følg med på nettsida vår for meir informasjon.

## KLUBB/HAPPENINGS

På fredagane vil det framleis være tilbud om klubb. Følg klubben på facebook for å være oppdatert på det siste. FACEBOOK: <https://www.facebook.com/klubbenos/>  
Her kan du komme og spele spel, vere med

## Lysmesse

I desember vært det lysmesse onsdag 12. desember.

ANDAKT  
KORSANG  
DANS  
KVELDSMAT  
SPELE I BAND

**TWEENSING OS FOR 5. - 7. KLASSINGER**

KVAR TIRSDAG KL 18 - 19.30  
I NØRE NESET KYRKJE

KFKU  
KPFU

TweenSing Os  
Os kyrkjelyd  
ghs@os.kyrkja.no

## JOIN US TEN SING

**Oppstart onsdag 22. august 2018, kl 1830 i Tunet kyrkje- og kultursenter.**

Er du mellom 13 og 19 år og likar song, musikk, dans, drama, lyd/lys/scene, og har du tid onsdagskveldane? Kanskje har du lyst å vere med i støtteapparatet rundt koret, lage til pause-snacs eller ta enkle leiaroppgåver? Nye og tidlegare medlemmer er hjarteleg velkomne!

Vi er kjempeglade for at dirigenten vår, Sanne Moesgaard, er med vidare! Særs glade er vi for å ha fått Geir Magne Johnsen med som musikalsk veg-leiar dette året.

**Inger-Johanne Haugland**  
VAKSENLEIAR I JOIN US TEN SING



# Estlands-kveldar med godt frammøte

Den 08.08 fekk Os vitjing frå samarbeidskyrkja vår i Estland.

Tekst og foto: Torstein Fosse

NMS – misjonær og prest i Saku St.Thomas kyrkjelyd, Magne Mølster, var i Noreg saman med koret «Saku Gospel». Dei hadde to dagar på Vestlandet før dei skulle dra vidare på ein leir i Ålesund. Både Os kyrkjelyd og Alversund kyrkjelyd, som begge har misjonsavtale med NMS med fokus på Estland, hadde sagt seg villige til å vere vertskap for koret. Koret fekk også overnatte hjå privatpersonar i kyrkjelydane.

Mellom 55 og 60 personar møtte opp i Tunet Kyrkje- og Kultursenter.

Dei som kom, fekk nyte flott korsong med tekstar på både Estisk, Engelsk og Norsk, og Magne Mølster delte engasjert frå arbeidet i Estland. Det var sterkt å bli minna på både historia til landet med kommunistregimet som aktivt forsøkte å fjerna kristendommen i folket – og samstundes det nye arbeidet som veks fram no gjennom kyrkjelydsplanting, barne- og ungdomsarbeid og diakoni. Vi fekk også ein status på kyrkjebygg-prosjektet i Müstamae.



Der er det for tida full byggjestopp grunna at løyvingar som var lova frå myndigheitene, har blitt satt på vent. Difor er det eit stort behov for både forbønn for og økonomisk støtte til dette konkrete prosjektet.

Torsdag formiddag var koret på bytur, med lunsj på NMS-kontoret, tur til Fløyen og sightseeing på Bryggen og fisketorget. Dei uttrykte stor glede og takksemnd over dette og over moglegheita til å vitje Noreg.

Takk til Saku Gospel og Magne Mølster for flotte kveldar i både Os og Knarvik! Takk til alle som kom! Og takk til de som engasjerte dykk i oppgåver, organiserte, inviterte og opna heimane dykkar for gjestene våre frå Estland!

## Velkomen til Misjonsmesse

Laurdag 20. oktober i Tunet kyrkje og kultursenter.  
- 28. og 29. september vil det bli loddsalg på Amfi.

- Kl. 10.00:** Opning av messa. Sal av handarbeid, bakverk, m.a. lefser gjærbakst, flatbrød og andre matvarer.
- Kl 11.00:** To åresalg
- Kl.12.15:** Sal av betasuppe og risgraut
- Kl.16.00:** Familiemøte. Andakt. Etermiddagskaffi. Åresalg og trekning av loddbøker.



Helsing Os fellesforeining av Det Norske Misjonsselskap.





# Gravferdsformer

Det er ein urgamal skikk at menneske vert gravlagde når vi døyr. Og den tradisjonelle måten har vore å grave den avlidne ned i jorda. I nokre kulturar vert ein gravlagt utan kiste; hjå oss er gravlegging i kiste det som er vanleg.

I meir enn 100 år har kremasjon vore eit alternativ til den tradisjonelle kirstegravlegginga. Ved kremasjon vert kista ført inn i ei omn og både kiste og den avlidne vert brent til oske. Ei eldfast identifiseringsmerke følgjer heile prosessen slik at krematoriet kan identifisere oskeinnhaldet til den rette urna til einkvar tid.

Oska vert lagt i ei urne. Sjølvje urna er av eit organisk materiale som vert nedbrote til jord gjennom fredningstida for urnegrava. Finnast og urner som er berekna for senking i vatn (nyttast når ein skal ha oskespreiing over vatn.)

## GRAVFERDSSEREMONI

Dei fleste ønskjer å ha ei gravferdsseremoni før ein gjennomfører sjølvje gravlegginga (eller kremasjon og etterfølgjande urnenedsetting). Type gravferdsseremoni er knytt til det trus- og livssyn avlidne hadde. Hjå oss er dei aller fleste knytt til Den norske

kyrkja si gravferdsordning da dei fleste tilhøyrar Den norske Kyrkja. Men tidvis er det gravferdsseremoni etter andre ordningar (Human-etisk ordning, Jehovahs vitnar, muslimsk tradisjon, m. fl. ).

## GRAVLEGGING

Etter seremoni vert bára ført anten til grava som skal nyttast eller sendt til krematoriet.

Etter kremasjon vert urnene sendt gravferdsforvaltinga i Os som gjer avtale med pårørande om tid for urnenedsetting. Urnedsetting har ikkje nokon eigen kyrkjeleg opplegg, men pårørande sjølvje kan lage ei lita ramme omkring sjølvje nedsettinga.

På avtalt tidspunkt møter familien ein av våre medarbeidarar på aktuelle gravplass eller kyrkja og går samla til grava som skal nyttast. Etter kontroll at vi har rett urne, vert sjølvje urna sett ned i eit hol i grava og jord vert lagt tilbake. Oftast vert det sett opp ein trekross eller anna merke til ein har fått tid til å tinga gravminne eller få tilført nytt namn på gravminne som står på grava.

## GRAVTYPAR

Gravplassane er delt inn i felt der nokre felt er for kistegraver og nokre felt er for urnegraver. Urne kan og setjast ned i ei kistegrav. Normalt er det plass til 4-8 urner i ei grav. Sjølvje urna vert oftast sett eit stykke ved sidan av sjølvje gravminne (sjå skisser).

## NAMNA MINNELUND

På Kuventræ vert det no etablert eit nytt tilbod; namna minnelund. Her kjem det eit stort felles gravminne for alle som skal ha urna ned i dette feltet. På dette gravminnet vert det sett på eit metallskilt med namn og fødsels- og døds-dato for avlidne. Det vert og ein plass der ein kan setje ned blommar og gravferdsforvaltinga vil syte for at gravstaden er pent stelt gjennom heile året.


Andre stader har denne gravtypen fort vorte tatt i bruk. Mange har sine næraste langt borte frå staden grava er og ein får eit verdig minne som krev lite stell og ettersyn. Samstundes som ein har ei grav å gå til når ein vitjar gravplassen. Det vert og høve til å reservere ei urnegrav ved sidan av ektefelle på ein namna minnelund.

## OSKESPREIING

Nokre vel oskespreiing. Da må ein søkje Fylkesmannen om løyve til det. Ein må sannsynleggjere at dette ikkje er i strid med avlidne sitt ønskje om gravlegging. Ved oskespreiing får ein ikkje sette opp gravminne på gravplassen.

**Har du spørsmål kring gravplassar, grav og gravlegging, ta gjerne kontakt med gravferdsforvaltinga på kyrkjekontoret så skal vi gjere vårt beste for å gje deg rettleiing og svar.**

Skisser Kiste- og urnegrav.





På landsleir lærar vi å pionere.



Ein patrulje er for haik.



På landsleiren ble det arrangert gudsteneste for nokre av gruppene.



Mat på bål.



Leirbålsunderhaldning med 4000 speidarar.

# Speidarleir

Det har vore ein begivenhetsrik sommar for speidarane i Os.

**Dei yngste speidarane (1.-4. klasse)** fekk prøve seg på ein «mini-leir» i Rolsvåg 9.-10 juni. Her var det mange, små ivrige speidarar som løyste oppgåver og koste seg i finveret. Og maten vart skikkeleg bra – sjølv om det var bålforbod!

**For resten av speidargruppa (5. klasse og eldre)** var det landsleir i 8 dagar til endes: «Futura 2018 – Finne, Forme, Forandre». Denne gongen var landsleiren i Stjørdal, så vi reiste med fly. Eit fantastisk veke i strålende ver – dette vil vi hugse lenge. Det var 31 speidarar frå Os som deltok.

**For dei eldste i speidargruppa** skjedde det endå meir: Ein patrulje kvalifiserte seg til «NM i speiding», og i tillegg var det ein gjeng som slo følgje «med Lars Monsen på tur» i NRK.



I Rolsvågen var det mange aktivitetar, Førstehjelp og kanopadling var nokre av dei.



# Trusopplæringstiltak frå 0-11år i Os Kyrkjelyd

DET ER HAUST og trosopplæringstiltaka for born i alderen fra og med 0 år til og med 11 år har semesterstart.

## BABY-SONG

**Torsdag den 6. september** starter vi med Baby- og eventuelt krabbesang både i Nore Neset kyrkje og Tunet (Storsalen) i frå klokka 10.30, lunsj i fra klokken 11.15 og eventuelt Krabbesang i fra

klokken 12.00 frem til klokken 12.30. Invitasjon sendast dei som er medlem eller tilhøyrande DnK.

## SHUBADUBS (familiekor)

**Torsdag den 6. september** er det ShubaDubs i fra klokken 17.30 til klokken 18.30. Koret øver i Tunet (Eldstova). (MERK NY VEKEDAG FOR SHUBADUBS !)

## 4-ÅRSBOK

**OS KYRKJE:** Torsdag 20. september er det «Undretur» i Os kyrkje i fra klokken 17.15 til klokken 18.00. Dette er førebuing til utdeling av 4-års-bok den søndag den 23. september klokken 11.00 i Os kyrkje.

**NORE NESET KYRKJE:** Torsdag 04. oktober er det «undretur» i kyrkja kl 17:15 og utdeling av 4-årsboka søndag den 7. oktober.

Aktuelle 4-åringar får og invitasjon i posten.

## JULEKALENDERTREFF - 3-åringar

Lørdag den 3. november det Julekalender-utdeling til 3-åringane ulike stader i Os. Program for desse samlinagener: bibelforteljing, utdeling av julekalender, eit lite juleverkstad og risengrynsgraut og saft.

Aktuelle 3-åringar får og invitasjon i posten.

## MYLDREGUDSTENESTE

**Søndag den 11. november** klokken 11.00 vert det Myldregudstjeneste i Nore Neset kyrkje. Her deltar blant annet Baby- og krabbesang samt ShubaDubs.

## LYS VAKEN

**OS KYRKJE: Helga 17.-18. november** vert er det «Lys Vaken» for 11-åringar i Os kyrkje. Program: ulike lærerike aktiviteter, lek og moro, god mat og drikke, dans og sang.

**NORE NESET KYRKJE: Helga 1.-2. desember** vert det «lys vaken» i NN kyrkje.

Aktuelle 11-åringar får og invitasjon i posten.

**All påmelding til desse samlingane gjer du på WEB-portalen: [os.medarbeideren.no](http://os.medarbeideren.no)**



## Tunet barnekor

Opstart 6. september kl 17.30-18.30 i Tunet på Os.

**Er du 1.-4. klassing? Bli med i nytt barnekor, då vel! Vel møtt i Tunet på Os!**

Her syng vi, leikar og spelar instrument, deltek på leirar og musikalar - Annankvar torsdag frå kl 17.30-18.30.

Vi gler oss til å synge saman med deg! Sjå etter annonse når det nærmer seg.

**Påmelding via web-portal:**  
[os.medarbeideren.no](http://os.medarbeideren.no)

Helsing Solfrid Hernes og  
Liv Gunnhild B. Qvale

**Tweensing**  
Opstart 4. september





# Søndagsskulens dag!



Velkommen til Søndagsskulens dag  
i Os kyrkje, 23. september kl 11!

Det blir familiegudsteneste kl 11.00 og kyrjekaffe  
med MANGE kjekke aktiviteter:

Hoppepute, mega-mikado,  
karamellkaster, bowling,  
fisker Gulliver,  
domino-spel, fallskjerm  
og mykje meir!



## Lørdags Sprell

Barne- og familietilbod  
i Nore Neset kyrkje

Laurdagar kl 11.00-13.00

Datoar: 25. august, 8. september,  
29. september, 27. oktober, 17.  
november, 15. desember

- Eit treffpunkt for familiar i Nore Neset Kyrkje.
- Fokus på 1-5 åringane, men eldre søsken er hjarteleg velkomne.
- Sang og leik!
- Formingsaktivitet
- Bibelforteljing, frå søndagsskuleopplegget «Sprell Levande».
- Vi et Lørdagsgraut saman. Dette koster litt, og evt.overskudd går til prosjektet «Garden of Eden».

Følg med på Facebook «LørdagsSprell»  
**Velkommen!**



## Gloria musikalhelg og tweens- festival

Helga 27. – 28.oktober skal TweenSing Os og Tunet barnekor delta på «Gloria – vi bærer lyset!»-musikalhelg, i St.Jakob kyrkje i Bergen! Vi gler oss masse, og håper mange vil komma å sjå framføringa.

**Søndag 28.oktober, St.Jakob kyrkje  
kl 17 – 18. Barn under 15 år gratis,  
vaksne 100,-**

## Sprell Levande barnesamlinger i Nore Neset kyrkje

Dato	Nore Neset kyrkje
19. august	Familiegudsteneste
25.august	<b>LØRDAGSSPRELL 11-13</b>
2. september	Høgmesse / barnesamling
8. september	<b>LØRDAGSSPRELL 11-13</b>
16. september	Høgmesse / barnesamling
29. september	<b>LØRDAGSSPRELL 11-13</b>
7. oktober	Familiegudsteneste
21. oktober	Høgmesse / barnesamling
27. oktober	<b>LØRDAGSSPRELL 11-13</b>
4. november	Høgmesse / barnesamling
11. november	MYLDREgudsteneste
17. november	<b>LØRDAGSSPRELL 11-13</b>
2. desember	Familiegudsteneste
25. desember	Høgmesse / barnesamling

**Kan du tenka deg å hjelpa til i dette arbeidet? Vi tar godt imot deg!**

Ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen,  
tlf 56 57 24 12 / e-post ghs@os.kyrkja.no





# Klimainnlegg - Kyrkjeklokka

## Kristne leiarar krev effektiv klimahandling

Av Gunnar Kvåle, professor emeritus, Universitetet i Bergen, styremedlem i Besteforeldra sin klimaaksjon

Den 28. juni skreiv 22 leiarar i kyrkje og kristenliv i Noreg ein kronikk om klima i avisa Vårt Land. Dei kjem med ein viktig budskap om kva for radikale endringar som må til, og dei skriv mellom anna: «Som klimapilegrimar ynskjer vi å gjera oppbrot frå dei forbruksmønstra og politiske strukturane som skadar jorda».

### Farlege klimaendringar

Dette er ei viktig utfordring til oss alle. Det store klimaalfaret – at vi som menneske kan vera i ferd med å øydeleggja eksistensgrunnlaget vårt – har vore kjent i mange 10-år. Dramatikken i klimaendringane gjev grunn for stor uro dersom vi ikkje greier å avgrensa global oppvarming til under to grader, slik Paris-avtala krev. Det handlar om at vi som i dag sit med politisk og personleg ansvar for ei aukande global oppvarming, no må gjera alt vi kan for å hindra at barneborna våre vil gå ei utrygg og farleg framtid i møte.

Heile Nord-Europa har nyleg opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Dette er truleg berre ein forsmak på det som kan skje dersom utviklinga held fram. Livsfarleg hete er ein av mange alvorlege konsekvensar for liv og helse. Ved ei global oppvarming på berre 1,5 grader kan fleire storbyar og mange hundre millionar fleire menneske bli utsett for farleg hete innan 2050.

**Tid for ny politikk:** CO2 utsleppa må ned! Klimagassutsleppa må raskt reduserast om vi skal kunna unngå store helseskader i mange deler av verda. Likevel let Noreg klimagassutsleppa få halda fram med å auka. Sidan 1990 har CO2 -utsleppa våre gått opp med 24 prosent, medan dei i Sverige, Tyskland, Danmark og Storbritannia i same periode er redusert med høvesvis 27, 31, 45 og 53 prosent. Som dei kristne leiarane peikar på, viser berekningar at vi vil gå mot ei global oppvarming på rundt 3 gradar, dersom andre land gjer som Noreg.

Politikarar i Noreg har lenge lova store kutt i klimagassutsleppa. Til denne tid har dei brote lovnadane. Det er på høg tid at det vert sett i verk tiltak som monar. Som leiarane skriv: «Litt betre enn verst er ikkje godt nok!»

Eit kostnadseffektivt tiltak ville vera å redusera oljeproduksjonen og leggja vekk planane om ny oljeutvinning i Barentshavet. Det er ikkje mogeleg å bruka olje- og gassressursane i Arktis dersom den globale temperatúrauken skal haldast under to grader. Dessutan vil desse resursane koma på marknaden fyrst om 10 - 20 år. Men då kan olje og gass ikkje lenger ha nokon viktig rolle i energisystemet i verda.

### Rike land har størst ansvar

Det er oss rike som ber hovudansvaret for å gjera det vi veit er naudsynt. Dersom dei rikaste 10 prosent i verda hadde kutta klimagassutsleppa sine ned til gjennomsnittleg EU-nivå, ville globale klimagassutslepp bli redusert med rundt ein tredjedel. Dette viser kor mykje det betyr

om vi rike legg om forbruksvanene våre, slik dei kristne leiarane ber oss om.

Verdas naturfond, WWF, melder at den 1. august i år var ressursane på jorda som burde vara ut 2018 alt brukte opp. I år kom denne dagen tidligare enn nokon gong før. Dette viser at med kvart år brukar mykje meir enn jorda kan tåla. Ved ein livsstil som ikkje er berekraftig, bidreg vi til skade både for fattige som lever i dag og dei som skal ta over etter oss her heime. Vi har difor eit moralsk ansvar for å føra ein berekraftig livstil.

### Nokon må gå føre

Mange har peika kor viktig det at nokon går føre. «Eksempelets makt» er undervurdert av dei som seier at det betyr lite kva eg som einskildperson gjer. Sitatet frå Mahatma Gandhi - "Du må vera den forandringa du vil sjå i verda" - er ei viktig påminning om kva ansvar vi har. Kanskje ein start kunne vera å avstå frå neste flytur? Vi veit at å reisa med fly er noko av det verste ein kan gjera for å auka den globale oppvarminga. For å redusera denne svært klimaskadelege reisemåten må det politisk leggjast betre til rette for at det vert billegare og meir lettvent å bruka andre reisemåtar.

Endring i eigen livsstil og arbeid for ein ny klimapolitikk må gå hand i hand. Nokon må gå føre, anten det gjeld individuelle handlingar eller ny politikk. Slik kan vi alle bidra til eit betre liv for barneborna våre og andre som kjem etter oss. Då kan òg skadane vi påfører fattige som lever i dag bli mindre.

## TUNET Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål. Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon, minnesamvær, bryllaup eller andre merkedagar. Eller kanskje eit møte av ulike slag? **Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leigevilkår**

**Telefon 56 57 24 00**



## Sokneprestens hjørne:

### Personlig trener, coach, mindfulness eller åndelig veileder?

Det er mange som gjerne vil hjelpe deg til å bli den du er, få maksimalt ut av treningen med personlig trener, få mening i livet, eller få maksimalt ut av dine muligheter. Mye av dette er helt sikkert veldig bra! I en tid da vi stadig haster videre til et eller annet – viljeløst, virrende, vet ei hvor hen, som en av våre store forfattere sa det. Mange opplever det slik i en oppjaget tid. Tilbudene om å hanskas med det er mange og ulike.

Noen av oss har oppdagat skattene kirken er bærer av, den åndelige veiledning. Menneskets innerste identitet er at det er skapt av Gud, er elsket av ham. Å finne frem til seg selv, er i siste instans å finne seg selv og sitt liv i forhold til skaperen. Åndelig veiledning handler om å få hjelp til nettopp dette: Å få øye på Gud i eget liv. Den åndelige veileder er en medvandrer på denne veien. En samtalepartner, en som speiler opplevelser og erfaringer, en medvandrer for pilegrimen som er på vei mot sin skaper og det liv han har ønsket for sitt elskede barn.

Tilbudet om åndelig veiledning som blant annet vårt bispedømme tilbyr, fortjener å bli gjort kjent. Det handler om å finne frem til sitt innerste jeg, og å få hjelp til å leve det livet en er skapt til å leve.



**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST

## Endringar i stab

**Nicolay Vinkler** som har vore vikar for Hege Varhaug-Lekven skal i pappapermisjon. Han starter med gradert permisjon alt no i august og frå oktober er han i heil permisjon og avsluttar i praksis vikariatet han starta på i fjor haust.

**Janne Fageraas** er engasjert inn i vikariatet framover. Ho har alt vore med i fleire samanhengar som frivillig; både gjennom diakoniarbeid og på skapingsdagane. Vi er glad for at vi raskt fekk inn ny vikar som starter suksessivt etter som Nicolay trappar ned.



**Kyrkjeverje Gerhard August Hansen** har sagt opp stillinga som kyrkjeverje og vert pensjonist frå våren 2019. Gerhard har vore i stillinga som kyrkjeverje sidan sommaren 1997. Det er bestemt at ny kyrkjeverje i Os skal óg vere kyrkjeverje i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd når det vert etablert seinast frå 1/1-2020. Stillinga vil verte lyst ut om kort tid og sokneråd/fellesnemnd vonar at ny kyrkjeverje kan starte opp noko tid før Gerhard fråtrer.



### Os sokneråd

## Å, at jeg kunne min Jesus prise (Salme 375)

Den kjente presten Lars Oftedal var stortingsmann og grunnlegger av Stavanger Aftenblad. Salmen er hans frie gjendikting av en svensk sang. Melodien er en folketone.

*Å, at jeg kunne min Jesus prise som jeg av hjertet dog så gjerne vil, fordi han ville slik nåde vise å byde meg sitt himmerike til!*

*Jeg gikk i blinde, jeg lå i døden, og mørkets fyrste holdt meg ganske fast. Da ropte jeg til min Gud i nøden, han frelste meg, og mørkets lenker brast.*

*Ha takk, o Jesus, for korsets smerte, for døden og for dine mange sår! Der fikk jeg fred for mitt arme hjerte, og vinteren ble til en herlig vår.*

*Opp, alle venner, syng med i sangen til ære, pris for ham som har oss løst! Vi går i trengsel og strid så mang en, men kun en liten stund, å hvilken trøst!*

*Snart er vi hjemme og står for tronen, hva gjør det da om solen har oss brent? Når hytten faller, så får vi kronen, og all vår trengsel er for alltid endt.*

*Ja, deg alene skje evig ære, o Jesus, som oss kjøpte med ditt blod! Vår syndebyrde du ville bære, det skyldbrev slette som var oss imot.*

*Å hvilken lykke å deg tilhøre! Takk, takk at også jeg fikk være med! Din gode gjerning du selv fullføre, til jeg står fri og frelst i evighet!*

**T: Lars Oftedal (1875) / M: Norsk folketone**



**Andrew Paul Holman**  
KANTOR

# Koinonia

Program hausten 2018

## 6. september

«Hummer og Kanari» ved redaktør Håkon Hartvedt.

## 20. september

«Barndom på sildefabrikken i Os» ved Svanhild Juvik.

## 4. oktober

«Evangeliet for alle» ved stiftsprest Roar Strømme.

## 18. oktober

«Per Sivle» ved Per Helleve og Kolbjørn Bendiksen.

## 1. november

«Nils Vinnes- Politkar, Bonde og Predikant» ved forfatter Ragnhild Tangen.

## 15. november

«Du som ber for ditt barn» ved familierådgjevar Kristina E. Ottersen.

## 29. november

«Bli i min kjærlighet» ved overlege og forkynner Kari Holmås.

## 13. desember

«Og lyset skinner i mørket» ved sokneprest Margrethe Holmboe Askeland.

**Trong for å ha ein å snakke fortruleg med ?**

Diakon Ingrid Vik har sett av tid om onsdagane frå ca kl 10 og utover. Gjer gjerne ein avtale på førehand med henne; tlf 56 57 24 06

## Eldretreff i haust i Kløvertun

Tysdag 4. september: Gjest er Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa.

### Andre datoar utover hausten:

Tysdag 2. oktober, tysdag 6. november og tysdag 4. desember (adventkonsert/møte).

Eldretreffa er eit samarbeid med Sanitetsforeningen og Os kyrkjelyd.

## TiTT Torsdag i Tunet

Det vert TiTT desse torsdagane i haust: 13. september, 25. oktober, 22. november

**HOLD AV DATOEN** - Kyrkjelydens julemesse i Tunet blir Laurdag 24. november



Støtt våre annonsører

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



**DRANGE BRUK 4/s**

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

Rørlegger   
**Titlestad**

- NYBYGG
- REHABELITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og uforpliktende befarung

**Tlf 480 68 830**

mail:  
titlestad93@hotmail.com

[www.rorleggertitlestad.no](http://www.rorleggertitlestad.no)

## NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.



**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON



Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"



## Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:  
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)



## ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik  
Telefon.: 56 30 55 39  
E-mail: [g-vaage@online.no](mailto:g-vaage@online.no)  
[www.vaage.as](http://www.vaage.as)

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar*

## OS HAGESERVICE

alt innen hage

**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

56 57 66 77    99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)




## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274, 5203 Os  
Tlf. 56304300  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)




## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06  
Fax: 56 58 39 99  
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

## PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

## GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing



## STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00



## Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



## DØYPTE

**7. april**  
Annabell Thomassen Lyngstad

**8. april**  
Axel Søderlund Langhelle  
Oskar Kristian Skjeie

**15. april**  
Matheo Lund Andersen  
Oline Marta Garvik

**22. april**  
Odin Mortvedt Erikssen  
Juni Anakin Ruby Coull Hugøy  
Alva Anett Lothe Måge  
Daniel Skulstad Størkson  
Agate Varhaug-Lekven  
Emma Milde Walravens

**29. april**  
Tor Olav Bahus  
Isabella Eva Grude Bernes  
Matheo Bolstad-Kårtveit  
Phillip Hanøy  
Nikoline Frantzen Haukeland

Marina Wollertsen Os  
Alva Vangsnes Moberg  
Filip Lyssand Østervold  
Elise Sjonbotten

**6. mai**  
Henrik Høyvik  
Tuva Rognsvåg

**20. mai**  
Matheo Gravelsæter  
Sara Kvam Kohmann  
Vilja Hestvik Midthun

**21. mai**  
Edvin Engelsen Dalhaug  
Luca Norstad Hetland  
Melina Bakke Thomas

**27. mai**  
Else Johanne Børve Bynes  
Saga Marie Drange-Haukeland  
Magnus Hagesæter  
William Halhjem  
Jasmine Solveig Kløvtveit-Read

Noah Røttingen Lothe  
Caspian Dørmænen Wasmuth  
Hermine Wedøe

**3. juni**  
Njord Malkenes Skretting

**10. juni**  
Storm Alvheim Asbjørnsen  
Charlotte Emilie Gabisan  
Guro Hjertnes Rykkel  
Sarah Michelle Søvinen-Larsen

**24. juni**  
Aksel Kloven Fjellanger  
Laurits Fjæreide Herland

**8. juli**  
Leonard Sande Berge  
Thale Bjørnevik

**22. juli**  
Tobias Vinje Våge

**5. august**  
Theodor Natås

## VIGSEL

**Os kyrkje 7. april**  
Madeleine Thomassen & Edwin Andre Chidi  
Ukwuoma Lyngstad.

**Os kyrkje 19. mai**  
Silje Erdal Rødland & Arild Nøst Arnesen.  
Kine Hitland & Dan Terje Rønning.

**Os kyrkje 2. juni**  
Madeleine Hjertnes & Morten Vik Røttingen.

**Nore Neset kyrkje 2. juni**  
Karoline Mjeldheim & Adrijan Murati.

**Moldegård 2. juni**  
Siri Renee Samdal & Ian Christopher Sigvathsen Pedersen.

**Os kyrkje 16. juni.**  
Anette Kristin Reigstad & Kurt Jørn Hansen.

**Øvreeide gard**  
Ina Fjelltveit & Kristoffer Eide.

**Os kyrkje 23. juni**  
Cathrine Marcellussen & Eirik Håland Berglund.  
Camilla Vik & Joachim Kopperud Gill.  
Jannike Iren Bakken & Ivar Stien.

**Os kyrkje 30. juni**  
Silje Lepsøy & Marius Hjertholm Lindborg.  
Henriette Frølich Holte & Hans-Christian Vatne.

**Os kyrkje 7. juli**  
Maria Andersen & Knut Anders Stokke.  
Sandra Eikeland & Thomas Austevoll.

**Os kyrkje 8. juli**  
Nathalie Middtun Haug & Joakim Albretsen  
Bjørnevik.

**Os kyrkje 14. juli**  
Torgunn Johansen & Geir-Frode Larm Dalaker.

**Nore Neset kyrkje 28. juli**  
Henriette Eilertsen & Stian Alexander Sælen.

**Moldegård 11. august**  
Kamilla Sande Hansen & Alexander Svinseth.

**Os kyrkje 11. august**  
Katrine Haugland Tvedt & Erik Askvik.

## VELSIGNING AV INNGÅTT EKTESKAP

**Os kyrkje 5. juni**  
Tirill Petersen & Øyvind Solheim.

**Os kyrkje 8. august**  
Lene Veronica Sperrevik & Ronny-Andre  
Sperrevik.

## DØDE

**Bjarte Karlsen**  
f. 17.07.1958 - d. 20.03.2018

**John Henrik Valle**  
f. 29.06.1950 - d. 21.03.2018

**Lilly Karen Odland**  
f. 08.08.1931 - d. 27.03.2018

**Jan Arne Johansen**  
f. 04.10.1949 - d. 06.04.2018

**Ingfrid Lyssand**  
f. 03.08.1938 - d. 07.04.2018

**Geir Fagerthun**  
f. 28.07.1959 - d. 23.04.2018

**Terje Mortensen**  
f. 29.09.1957 - d. 24.04.2018

**Helga Nancy Gangstø**  
f. 11.12.1931 - d. 28.04.2018

**Terje Egil Skjølsvik**  
f. 12.12.1960 - d. 28.04.2018

**Hildegunn Bernsen**  
f. 01.03.1954 - d. 29.04.2018

**Magnus Flint**  
f. 19.12.1935 - d. 02.05.2018

**Liv Bjørnevik**  
f. 04.11.1933 - d. 05.05.2018

**Gunnar Orange**  
f. 29.10.1955 - d. 06.05.2018

**Nils Andre Norheim**  
f. 11.02.1964 - d. 07.05.2018

**Nora Bjarnhild Arntzen**  
f. 11.11.1947 - d. 10.05.2018

**Marit Hasle Vikør**  
f. 02.10.1943 - d. 10.05.2018

**Edna Oline Nyheim**  
f. 01.07.1934 - d. 14.05.2018

**Haldis Onstad**  
f. 25.06.1921 - d. 16.05.2018

**Ruben Thorsen Haugan**  
f. 04.09.1991 - d. 17.05.2018

**Kåre Herdlevær**  
f. 05.10.1926 - d. 18.05.2018

**Myrtle Lillian Eide**  
f. 18.07.1924 - d. 20.05.2018

**Else Sundvor**  
f. 07.05.1935 - d. 20.05.2018

**Hilmar Monrad Breivik**  
f. 19.08.1941 - d. 01.06.2018

**Jan Bastiansen**  
f. 27.05.1942 - d. 18.06.2018

**Inger Karin Åsvang**  
f. 15.09.1951 - d. 29.06.2018

**Sissel Gjerde Sørbo**  
f. 30.07.1952 - d. 29.06.2018

**Jonn Nikoll Bruarøy**  
f. 10.07.1933 - d. 30.06.2018

**Elin Engelsen Moberg**  
f. 25.03.1945 - d. 30.06.2018

**Gunn Søviknes**  
f. 02.08.1943 - d. 04.07.2018

**Einar Magnar Storum**  
f. 31.01.1931 - d. 04.07.2018

**Trygve Skorpen**  
f. 15.10.1932 - d. 07.07.2018

**Leif Harald Sperrevik**  
f. 01.03.1947 - d. 10.07.2018

**Alfred Drange**  
f. 01.10.1926 - d. 11.07.2018

**Håkon Lekven**  
f. 01.05.1940 - d. 15.07.2018

**Dag Torvald Bjørnør**  
f. 12.08.1944 - d. 17.07.2018

**Sigrunn Røttingen**  
f. 24.06.1932 - d. 25.07.2018



## Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<b>02.09.18</b> kl. 10:00: Dåp.	<b>02.09.18</b> kl. 11:00: Dåp. Konfirmantpresentasjon.
<b>02.09.18</b> kl. 11:15: Nattverd	<b>16.09.18</b> kl. 11:00: Dåp. Konfirmantpresentasjon.
<b>09.09.18</b> kl. 11:00: Dåp. Konfirmantpresentasjon.	<b>07.10.18</b> kl. 11:00: Dåp. Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.
<b>16.09.18</b> kl. 11:00: Dåp. Nattverd. Lovsong og band.	<b>21.10.18</b> kl. 11:00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.
<b>23.09.18</b> kl. 11:00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Søndagsskulens dag.	<i>Sjå <a href="http://www.kyrkja.no/os">www.kyrkja.no/os</a> for oppdaterte opplysningar.</i>
<b>30.09.18</b> kl. 11:00: Nattverd.	
<b>07.10.18</b> kl. 11:00: Dåp. Nattverd.	
<b>14.10.18</b> kl. 10:00: Dåp.	
<b>14.10.18</b> kl. 11:15: Nattverd	
<b>21.10.18</b> kl. 11:00: Nattverd. Elevar frå Kongshaug deltek.	
<b>28.10.18</b> kl. 11:00: Nattverd. Vitjing av prosten. Folkemusikk-gudsteneste.	

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

#### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

#### KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

#### SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no,  
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

#### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKООORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### KYRKJELYDSPEDAGOG

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven ( i permisjon )  
Nicolay Vinkler, nv@os.kyrkja.no  
Janne Fagerås, jf@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),  
Trygve Helgesen, Marianne Tveit, Øyvind  
Dreyer og Linn Kjerstin Rondstveit

### Oversikt over kva vi har fått inn i takkoffer sidan 18. mars 2018

Dato	Takkoffer til	Beløp
25.03.2018	Os KFUK/M-Speidarane	kr 5 009,-
29.03.2018	CRUX – Vindfanget	kr 1 126,-
01.04.2018	Norsk Luthersk Misjonssamband	kr 6 787,-
08.04.2018	Kirkens SOS	kr 6 049,-
15.04.2018	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	kr 6 774,-
22.04.2018	Redd Barna	kr 5 549,-
29.04.2018	Tunet	kr 7 083,-
05.05.2018	Konfirmantarb. i kyrkjelyden	kr 7 779,-
06.05.2018	Konfirmantarb. i kyrkjelyden	kr 14 054,-
12.05.2018	Konfirmantarb. i kyrkjelyden	kr 10 301,-
13.05.2018	Konfirmantarb. i kyrkjelyden	kr 4 610,-
17.05.2018	Sjømannskirken	kr 5 642,-
20.05.2018	Bibelskulen på Bildøy	kr 5 280,-
21.05.2018	Bibelskulen på Bildøy	kr 368,-
27.05.2018	De 4 diakoniinstitusjoner	kr 7 442,-
03.06.2018	Tunet	kr 3 577,-
10.06.2018	Garden of Eden	kr 4 387,-
17.06.2018	Ung kirkesang	kr 4 360,-
24.06.2018	IKO – Kirkelig pedagogisk senter	kr 3 598,-
01.07.2018	Misjonsprosjektet	kr 6 737,-
08.07.2018	Det Teologiske Menighetsfakultet	kr 3 207,-
15.07.2018	Tunet	kr 4 009,-
22.07.2018	Misjon uten grenser	kr 2 928,-
29.07.2018	Navigatørane	kr 3 740,-
05.08.2018	Kirkens SOS	kr 3 130,-

# BARNESIDA



# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Teikning: Trevor Keen



## Finn namn på åtte planetar!

Namna på dei åtte planetane i solsystemet vårt er gøymde i rutenettet under. Dei står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

R	O	T	T	A	K	J
L	A	V	U	R	J	O
I	M	E	R	K	U	R
M	A	N	A	N	P	D
B	R	U	N	E	I	E
O	S	S	U	P	T	N
M	O	M	S	T	E	K
B	S	A	T	U	R	N
A	B	B	A	N	U	R

## Finn 5 feil

Teikning: Trevor Keen

David var ein gjetargut som blei konge i Israel. Han laga mange songar om Gud. Dei står i Bibelen. Dei to bileta er nesten like. Finn du de fem feila på biletet under?



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Vitsar

Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.  
– Å nei, eg har blitt eit speilegg!

Bestemor tykte vesle Jenny hadde så vakkert smil:  
– Tennene dine er som eit perlekjede:  
Kvite perler tett i tett.  
Vesle Jenny ville seie noko fint tilbake.  
– Tennene dine er som stjerner, bestemor:  
Gule og langt frå kvarandre.